
Forventa pensjoneringsalder 1986–2009

Av: ODDBJØRN HAGA

SAMANDRAG

Etter nokre år med auke gjekk forventa pensjoneringsalder ned i 2009. Den er ved fylte 50 år no 63,7 år–0,2 år høgare enn i 2001. For menn er forventa pensjoneringsalder 64,2 og for kvinner 63,3 år. Forventa pensjoneringsalder ved fylte 18 år var i 2009 59,9 år, ein nedgang på 0,4 år frå året før.

Det var ein nedgang i forventa pensjoneringsalder på alle aldersnivå i 2009. Dette kjem av auka tilgang både til uførestønad og Avtalefesta pensjon. Viktige årsaker kan vera vanskelegare forhold på arbeidsmarknaden, samt snøggare handsaming av krav om uførepensjon. Delmål 3 i IA-avtalen var å auka den reelle pensjoneringsalderen med eit halvt år frå 2001 til 2009. Dette målet var nådd i 2008, men er ikkje lenger oppfylt på grunn av auka pensjonering i 2009.

Ser vi på heile perioden, frå 1986 til 2009, har trenden vore eit relativt stabilt nivå, men med store svingingar på grunn av regelendringar i dei ulike helserelaterte ordningane og AFP, og endra praksis i sakshandsaminga. Forventa pensjoneringsalder ved fylte 50 år er no høgare enn den var på slutten av 1980-talet, sjølv om det for mange er blitt mogeleg å pensjonera seg tidlegare. Nedgang i sannsynet for å bli uførepensjonert etter fylte 50 år har kompensert for auken i pensjonering i AFP-ordningane mellom 62 og 67 år.

INNLEIING

Talet på personar med uførepensjon auka sterkt dei to første tiåra etter at Folketrygda vart innført i 1967. Det blei eit mål å stogga denne utviklinga, og auka den reelle pensjoneringsalderen. Eit verkemiddel var å vedta strengare medisinske vilkår for rett til uførepensjon frå 1991. Å auka den reelle pensjoneringsalderen blei også eit delmål i IA-avtalen, som blei inngått i 2001: Målet var ein auke på eit halvt år frå 2001 til 2009.

Vi vil i denne artikkelen sjå nærare på korleis det har gått. Som indikator for den reelle pensjoneringsalderen brukar vi forventa pensjoneringsalder. Forventa pensjoneringsalder er ein måte å rekna folket sin gjennomsnittlege pensjoneringsalder på, som kompenserar for skeiv aldersfordeling i folket og for dødelegheit.

Artikkelen er ei oppdatering av ein artikkel i Arbeid og velferd nr. 2-2009 (sjå Haga 2009).

I den nye IA-avtalen, som gjeld frå 1. mars 2010 til 31. desember 2013, er delmål 3 endra. Målet er no å auka yrkesaktiviteten etter fylte 50 år med 6 månader frå 2009 til 2013. Lien (2010) drøftar i ein annan artikkel i denne utgåva av Arbeid og velferd korleis dette kan målast.

Kva for nokre ordningar inngår i utrekninga

Pensjonssystemet i Noreg består av folketrygda, avtalefesta pensjon (AFP) og tenestepensjonar. Kva for nokre ordningar innanfor folketrygda som bør reknast med kan vera eit skjønnsspørsmål. I våre utrekningar har vi teke med folketrygdas alders- og uførepensjon. Frå 2004 er også tidsavgrensa uførestønad med i utrekningane. Det kan diskuteras om tidsavgrensa uførestønad bør reknast som pensjonering. Det er ein mellombels stønad, og ikkje ein varig pensjon. For mange er det nok likevel byrjinga på pensjonisttilveret, ved at dei etter ei tid på mellombels stønad vil gå over på varig uførepensjon. Ein viktig grunn til at vi har denne ytinga med i utrekninga er likevel at vi elles ville få brot i tidsrekka, som ville gjera det vanskeleg å samanlikna forventa pensjoneringsalder før og etter 2004.

Tenestepensjonar vert som hovudregel gitt som eit tillegg til folketrygda, med same pensjoneringstidspunkt. Ein del arbeidstakarar har særaldersgrenser der pensjonsalderen kan vera så låg som 60 år, i nokre tilfelle endå lågare. Desse er ikkje med i utrekninggrunnlaget fordi dette er praktisk vanskeleg å få til. Vi meiner likevel at vi får ein god indikator for utviklinga i den reelle pensjoneringsalderen.

Metode for utrekning av forventa pensjoneringsalder

Forventa pensjoneringsalder er lik produktsummen av alder og sannsynet for å bli pensjonert i gitt alder. Denne formelen reknar ut forventa pensjoneringsalder ved fylte 50 år:

$$FPA(50) = \sum_{x=50}^{70} x * p(x) = 50 * p(50) + 51 * p(51) + \dots + 70 * p(70)$$

Der $p(x)$ er sannsynet for å bli pensjonert i alder x . Sannsynet vert rekna ut via overlevingsfunksjonen $S(x)$, som er sannsynet for ikkje å være pensjonert ved fylte x år. Når vi har rekna ut $S(x)$ for dei moglege verdiane av x får vi sannsynet som $p(x)=S(x)-S(x+1)$.

Overgangsintensiteten i alder x , $h(x)$, er lik talet på dei som blei pensjonert i alder x , dividert med talet på dei som kunne blitt pensjonert. Overlevingssannsynet i alder x , $ovl(x)=1-h(x)$ er sannsynet for at ein som ikkje er pensjonert før fylte x år heller ikkje blir pensjonert før fylte $x+1$ år.

$$S(x) = \prod_{u < x} ovl(u) \quad \text{dvs. produktet av overlevingssannsyna for kvar alder lågare enn } x.$$

Uførestønad og AFP sine bidrag til redusert pensjoneringsalder

Ved utrekning av uførestønadene sitt bidrag til redusert pensjoneringsalder, ser vi bort frå dei som alt er pensjonert med AFP. Ein som går av med AFP er med i risikosettet (nevnen ved utrekning av overgangsintensiteten) inntil det tidspunktet (den alderen) han blir pensjonert, og blir då fjerna frå risikosettet (sensurert).

Ikkje alle går av med uførestønad før dei når den ordinere pensjonsalderen. For å kunne rekna ut ein forventa uførepensjoneringsalder, må alle i modellen før eller seinare bli pensjonert. Vi antar at dei som ikkje blir uføre, blir pensjonert ved fylte 67 år. Uførepensjonens bidrag til nedsett pensjoneringsalder blir 67 minus forventa uførepensjoneringsalder.

Tilsvarande for AFP. Overgang til uførestønad medfører sensurering, og vi legg til grunn pensjonering ved fylte 67 år for dei som ikkje har AFP.

Datagrunnlag

Utrekningane er basert på Nav sin kopi av folkeregistret, og Nav sin statistikkdatabase.

Det er for få mottakarar av AFP i vår statistikk for 2009. Grunnen er først og fremst manglande innrapportering av nye AFP-mottakarar i kommunal og statleg sektor. Vi har difor laga eit anslag for talet på mottakarar av AFP i 2009, der vi har gått ut frå at talet på AFP-mottakarar i statleg sektor i høve til folketalet i aldersgruppa er det same i 2009 som det var i 2008.


FORVENTA PENSJONERINGSALDER

Det fins ulike metodar for å rekna ut pensjoneringsalder, og forventa pensjoneringsalder blir sett på som eit robust mål for å vurdere endringar over tid.¹ Metoden seier noko om når ein kan forventa at personar med ein gitt alder i eit gitt år vil bli pensjonert.

Vi kan rekna ut forventa pensjoneringsalder for ikkje-pensjonerte personar i ulike aldrar. Figur 1 viser forventa pensjoneringsalder på fire alderstrinn: 18, 30, 50 og 62 år for perioden 1986 til 2009. Som det går fram av figuren, vil forventa pensjoneringsalder ved fylte 50 år vera høgare enn forventa pensjoneringsalder ved fylte 18 år. Dette er fordi det ikkje lenger er mogeleg for ein 50-åring å bli pensjonert før fylte 50 år. I 2009 låg forventa pensjoneringsalder for ein person på 50 år på 63,7 år, mens den for ein person på 18 år var 59,9 år. For ein person på 62 år var forventa pensjoneringsalder 65,4 år. Av figur 2 ser vi at den forventa pensjoneringsalderen for kvinner var oppimot eitt år lågare enn for menn.

Det var ein nedgang i forventa pensjoneringsalder på alle aldersnivå i 2009. Dette kjem av auka tilgang både til uførestønad og AFP. Viktige årsaker kan vera auka handsaming av krav om uførepensjon, og vanskelegare tilhøve på arbeidsmarknaden.


Figur 1:
Forventa pensjoneringsalder ved fylte 18, 30, 50 og 62 år frå 1986 til 2009.



KJELDE: NAV

¹ Sjå til dømes Finish Centre for Pensions; Statistical Report 2/2008: Expected effective retirement age in the Nordic countries.

Figur 2:
Forventa pensjoneringsalder ved fylte 50 år fra 1986 til 2009, kvinner og menn.



KJELDE: NAV

Tabell 1.
Forventa pensjoneringsalder ved fylte 50 år og fylte 62 år.

	50 år I alt	Kvinner	Menn	62 år I alt	Kvinner	Menn
1986	63,9	63,8	64	66,4	66,5	66,3
1987	63,1	62,9	63,4	66,4	66,5	66,4
1988	63,6	63,3	63,9	66,5	66,5	66,5
1989	63,2	63,2	63,2	66,3	66,5	66,1
1990	63,1	62,9	63,5	66,2	66,3	66,2
1991	64,1	64,2	64,2	66,5	66,7	66,5
1992	64,2	64,3	64,2	66,4	66,5	66,3
1993	64,6	64,7	64,7	66,4	66,6	66,4
1994	64,2	64,2	64,3	66,3	66,3	66,3
1995	64,2	64,1	64,4	66,3	66,4	66,3
1996	64,2	64,1	64,4	66,2	66,3	66,3
1997	63,6	63,4	63,8	65,8	66	65,7
1998	62,7	62,5	63	65	65,2	64,9
1999	62,8	62,6	63,1	65,2	65,4	65,1
2000	62,9	62,7	63,1	65	65,2	64,9
2001	63,5	63,4	63,8	65,5	65,6	65,4
2002	63,5	63,3	63,7	65,4	65,6	65,4
2003	63,3	63,1	63,6	65,4	65,5	65,3
2004	63,3	63,1	63,6	65,4	65,4	65,4
2005	63,5	63,2	63,9	65,5	65,4	65,5
2006	63,5	63,2	64	65,5	65,4	65,8
2007	63,9	63,4	64,3	65,6	65,5	65,8
2008	64	63,6	64,4	65,6	65,5	65,7
2009	63,7	63,3	64,2	65,4	65,4	65,5

KJELDE: NAV

Tabell 2.
Forventa pensjoneringsalder ved fylte 18 år og 30 år.

	18 år I alt	Kvinner	Menn	30 år I alt	Kvinner	Menn
1986	61,6	61,2	62	62	61,7	62,5
1987	59,8	58,9	60,6	60,5	59,6	61,4
1988	60,6	59,7	61,6	61,2	60,3	62,1
1989	60,1	59,6	60,6	60,7	60,2	61,2
1990	60	59,2	60,9	60,6	59,8	61,5
1991	61,6	61,3	62,1	62,3	61,9	62,7
1992	62	61,9	62,2	62,5	62,4	62,8
1993	62,6	62,6	62,8	63,2	63,1	63,4
1994	61,3	61,1	61,6	62,1	61,8	62,5
1995	61,1	60,6	61,6	62	61,5	62,5
1996	61,2	60,8	61,7	62	61,5	62,5
1997	60,3	59,9	60,8	61,3	60,8	61,8
1998	59,2	58,6	59,9	60,1	59,4	60,8
1999	59,3	58,7	60	60,1	59,4	60,8
2000	59,9	59,3	60,4	60,6	60,1	61,2
2001	61	60,6	61,6	61,8	61,3	62,4
2002	60,8	60,4	61,3	61,6	61,2	62,2
2003	60,4	59,9	60,8	61,2	60,7	61,8
2004	59,8	59	60,6	60,8	60	61,6
2005	59,6	58,9	60,4	60,8	60	61,7
2006	59,5	58,6	60,4	60,8	59,8	61,8
2007	60,1	59,1	61,1	61,3	60,3	62,4
2008	60,3	59,3	61,3	61,6	60,5	62,7
2009	59,9	58,9	60,9	61,2	60,2	62,2

KJELDE: NAV

BIDRAGET FRÅ UFØRESTØNAD OG AFP

Tabell 3.
Talet på år uførestønad og AFP bidrar med til å senka forventa pensjoneringsalder for 50-åringar.

År	Uføre	AFP
2001	2,8	1,1
2002	2,8	1,2
2003	2,9	1,2
2004	2,9	1,3
2005	2,7	1,3
2006	2,6	1,3
2007	2,4	1,2
2008	2,2	1,2
2009	2,3	1,3

KJELDE: NAV

Nye mottakarar av uførestønad frå fylte 50 år har senka pensjoneringsalderen med mellom 2,2 og 2,9 år for 50-åringar i åra frå 2001 til 2009. Verknaden av AFP har vore meir stabil, med mellom 1,2 og 1,3 år i perioden 2002–2009.

GÅR DEN FAKTISKE PENSJONERINGSALDEREN NEDOVER?

Forventa pensjoneringsalder ved fylte 62 år er i dag om lag eitt år lågare enn i perioden før 1997, men har elles vore svært stabil både i perioden før 1997 og i perioden etter 2001. Nedgangen kan tilskrivast nedsett aldersgrense for AFP, og er eit anslag på den verknaden AFP har hatt på pensjoneringsalderen.

Forventa pensjoneringsalder ved fylte 50 år har dei siste åra vore litt høgare enn på slutten av 1980-talet, og var veksande frå 2003 til 2008. Gjennomsnittet for perioden 2001–2009 er om lag 0,3 år høgare enn i perioden 1987–1990. Verknaden av nedsett aldersgrense for AFP er blitt kompensert for ved at det er relativt færre som blir uførepensjonert i alderen 50–62 år.

Frå 2001 til 2009 har forventa pensjoneringsalder auka med om lag 0,2 år, frå 63,5 til 63,7 år. I gjennomsnitt er forventa pensjoneringsalder ved fylte 18 år om lag den same i perioden 2001–2009 som den var i 1987–1990. Den er med 59,9 år 1,2 år lågare enn i 2001.

FAKTORAR SOM KAN FORKLARA NOKO AV UTVIKLINGA I FORVENTA PENSJONERINGSALDER

Det er særleg to faktorar som kan forklara utviklinga i forventa pensjoneringsalder i perioden:

- Svingingar i tilgangsratane til uførepensjon.
- Auke i tilgangen til AFP i åra 1996–1998, og ein viss nedgang i 2001.

Bruken av uførepensjon auka sterkt dei fyrste tiåra etter at folketrygda blei innført. For å stogga denne utviklinga fekk vi i 1991 ei innstraming i dei medisinske vilkåra for rett til uførepensjon. Dette førde til ein kraftig nedgang i tilgangen, og til auka forventa pensjoneringsalder frå 1990 til 1993.

Fleire forhold førte til ein auka tilgang til uførepensjon frå 1994. Denne utviklinga toppa seg i åra 1998–99. Følgjande moment forklarar mykje av auken:

- I 1994 fekk vi ei regelendring som reduserte varigheit på rehabiliteringspengar til høgst 1 år. Ein del av dei som mista retten til rehabiliteringspengar gjekk over til uførepensjon.
- Etter ei prinsipiell trygderettsavgjerd i 1995 må ein anta at det skjedde ei liberalisering av trygdekontoras praktisering av dei medisinske vilkåra for uførepensjon (RTV-rapport 07/99).

Vi fekk i 2000 ei innskjerping i kravet om at attføring skulle vera prøvd før uførepensjon kunne tilståast. Dette bidrog til reduksjon i tilgangen til uførepensjon i 2000 og 2001. I 2002 ser vi igjen ein auke, som i alle fall delvis kan forklarast ved at attføring ikkje nødvendigvis fører fram, og at det endelege resultatet likevel er blitt uførepensjonering (RTV-rapport 05/2005).

I 2004 blei ordninga med tidsavgrensa uførestønad innført. Dette kan ha medført ein høgare tilgang i dette året, blant anna fordi fleire har fått innvilga ein tidsavgrensa uførestønad framfor fleire periodar med rehabiliterings- eller attføringspengar. Dette kan delvis forklara at forventa pensjoneringsalder ved fylte 18 år gjekk ned frå 2003 til 2004.

Bruken av AFP var relativt beskjeden før 1995. Det var ein jamn auke i bruken fram mot 1997. I 1997–1998 auka tilgangen til ordninga sterkt som fylgje av at aldersgrensa blei sett ned, først frå 64 til 63 år i 1997, så til 62 år i 1998. Deretter heldt bruken seg på om lag same nivå fram til 2000. Vi fekk ein sterk auke i tilgangen i det første halvåret 2000, før retten til friinntekt på 1G² blei teken bort.

² G er Folketrygdas grunnbeløp, frå 01.05.09 har det vore 72 881 kroner.

Etter 2001 har tilgangen til AFP-ordninga vore stabil sett i forhold til befolkninga, men med ein auke i 2009.³

Tilhøva på arbeidsmarknaden påverkar truleg også pensjoneringsåtferda. Noreg har vore inne i ein høgkonjunktur frå 2003/2004 til 2008. Auken i etterspurnad etter arbeidskraft i denne perioden kan også bidra til å forklara auken i forventa pensjoneringsalder dei siste åra. Tilsvarande kan minka etterspurnad i 2009 bidra til auka pensjonering.

Regelendringar og tilhøve i sakshandsaminga gjer at endringar frå eitt år til eit anna må tolkast med varsemd. I 1998 blei nedre aldersgrense for rett til AFP sett ned slik at to årskull fekk rett til stønaden det året. Dette førde til at det blei ein svært stor tilgang. Nokre år klarar ikkje Nav å handsama like mange krav som det som kjem inn, slik at vi får ein auke i ubehandla saker, og andre år klarer vi å handsama fleire saker enn innkomne krav, slik at auken i talet på pensjonistar blir høgare enn talet på nye krav. Det er grunn til å tru at auke i talet på ubehandla krav om uførepensjon er ein medverkande årsak til auken i forventa pensjoneringsalder i 2007–2008, og at auka innsats i sakshandsaminga bidrar til nedgangen i 2009.


Inntil 2007 blei alderspensjon til pensjonistar i alder 67–69 år avkorta mot arbeidsinntekt. Forventa pensjoneringsalder for dei som ikkje var pensjonert før fylte 67 år var i desse åra 67,3 år. I 2008 blei avkortinga teken bort for 67-åringar og i 2009 for 68-åringar. Verknaden av dette var at forventa pensjoneringsalder for 67-åringar gjekk ned til 67,2 år i 2008 og 67,1 år i 2009. Dette er då også ei medverkande årsak til nedgangen i forventa pensjoneringsalder på alle aldersnivå i 2009.

PENSJONERINGSMØNSTERET

Vi har sett at forventa pensjoneringsalder i dag er om lag som den var på slutten av 1980-talet. Sjølve pensjoneringsmønsteret har likevel endra seg. Det er no høgare sannsyn for å få uførestønad for personar under 40 år enn det var tidlegare, og det er også fleire som pensjonerer seg i alderen 62–67 år, på grunn av AFP-ordninga. Det har samstundes vore ein monaleg reduksjon i sannsynet til å gå over på uførestønad mellom 50 og 62 år (sjå figur 3 og figur 4).

Figur 3 viser forventa prosentdel pensjonerte på ulike alderssteg, og uttrykkjer kor stor del av befolkninga som

Figur 3:
Forventa prosentdel pensjonerte på ulike alderssteg (kumulativt pensjonerings sannsyn).



KJELDE: NAV


vil vera pensjonert, gitt at pensjoneringsmønsteret held seg konstant over nokre år (kumulativt pensjonerings sannsyn).⁴ I 1987–1990 tilsa pensjoneringsmønsteret at om lag 40 prosent av befolkninga ville bli pensjonert før fylte 62 år, og om lag 60 prosent før fylte 67 år. Dei siste åra har desse prosentdelane vore omlag 30 og 60 prosent. Gitt dagens pensjoneringsmønster, er det med andre ord like stor del av dei aktive som vil venta med å pensjonere seg til dei fyller 67 år som det var med pensjoneringsmønsteret i 1987–1990, medan færre vil pensjonera seg før 62 år, og fleire vil pensjonere seg mellom 62 og 67 år. Det ser ut til at det kan vera nokre som går av med AFP når dei fyller 62 år, som utan denne ordninga ville søkt uførepensjon tidlegare.

Figur 4 viser sannsynet for å bli pensjonert i ulike aldersintervall. Sannsynet for å bli pensjonert før 35 år har auka gjennom heile perioden, og sannsynet for å bli pensjonert mellom 50 år og 62 år har gått betydeleg ned. I 1994–1997 var det høgt sannsyn for å bli pensjonert mellom 64 og 67 år av di aldersgrensa for AFP då var 64 år. Sannsynet for å bli pensjonert mellom 62 og 64 år auka i 1998 av di aldersgrensa då blei sett ned til 62 år.

³ Dette er usikkert. Det er ein klar auke i privat sektor. Vi har mangelfulle tal for offentlig sektor.

⁴ Merk at tala viser kor stor del som vil vera pensjonert rett før dei ulike aldersstega, slik at dei som pensjonerer seg ved 67 år ikkje er medrekna i kurven for 67-åringar osv.

Figur 4:
Sannsyn for å bli pensjonert i ulike aldersintervall.*



* Intervalla er lukka nedover og opne oppover. Det betyr til dømes at sannsynet i intervall 64–67 reknar med pensjonering den månaden ein blir 64 år, men ikkje den månaden ein fyller 67 år.

Vi ser i framstillinga bort frå at aldersgrensene for AFP og alderspensjon er 62 år og ein måned og 67 år og ein måned. 62 og 67 betyr eigentleg 62 (67) år og ein måned. I utrekningane har vi teke omsyn til dette.

KJELDE: NAV

REFERANSAR

RTV-rapport 07/99: “Utviklingen på uføreområdet”. Oslo: Rikstrygdeverket 1999

RTV-rapport 05/2005: “Innskjerping i attføringsvilkåret i 2000”. Oslo: Rikstrygdeverket 2005

Expected effective retirement age in the Nordic countries. Finish Centre for Pensions; Statistical Report 2/2008

Haga, Oddbjørn (2009): “Forventa pensjoneringsalder 1986-2008” i *Arbeid og velferd 2-2009*. Oslo: Arbeids- og velferdsdirektoratet, 2009.

Lien, Ole Christian 2010: “Halvannet år i arbeid for hvert år som pensjonist” i *Arbeid og velferd nr 2-2010*. Oslo: Arbeids- og velferdsdirektoratet, 2010.